



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alle på vedlagte adresseliste

Vår dato: **17 APR 2012**

Vår ref.: NVE 201104306-3 kv/hka2

Arkiv: 312/016.BEE7

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Heidi Kannick

22 95 91 79

Statkraft Energi AS - Søknad om løyve til bygging av Vesle Kjela kraftverk i Vinje kommune, Telemark - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 02.04.2012, om løyve til bygging av Vesle Kjela kraftverk i Kjela i Vinje kommune.

Vesle Kjela vil bli det øvste kraftverket i greina i Tokkevassdraget. Kraftverket vil nytte fallet mellom det regulerte Kjelavatnet og eksisterande inntakssjakt for overføringstunnel mellom Kjela og Førsvatnet. Kraftstasjonen er planlagt bygd i fjell, nordaust for dagens tappeluke ved Kjelavatnet, og vil få ein installert effekt på 5 MW. Med ei minstevassføring tilsvarande kravet i Kjeåi nedstraums, er årleg produksjon berekna til 25 GWh.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Vesle Kjela kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og bygningstekniske konstruksjonar.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Statkraft Energi AS v/Anders Korvald på tlf. 24 06 71 55 eller e-post: anders.korvald@statkraft.com.

NVE ber Vinje kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Tenestetorget i kommunehuset i Vinje fram til **04.06.2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **04.06.2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Carsten Stig Jensen
seksjonssjef



Heidi Kannick
førstekonsulent

Vedlegg: Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark om sakshandsaming
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Vesle Kjela kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Varden, Telemarksavisaog Vest-Telemark Blad.

Tal på søknadar	Namn	Adresse	Post
4	Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890 VINJE
-	Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702 SKIEN
-	Telemark Fylkeskommune	Postboks 2844	3706 SKIEN
-	Statens Vegvesen Region Sør	Pb. 723 Stoa	4808 ARENDAL
-	Norges Naturvernforbund	Grensen 9 B	0159 OSLO
-	Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378 NESBRU
-	Forum for Natur og Friluftsliv Telemark	Bøgata 8	3800 BØ I TELEMARK
-	Norsk Ornitologisk Forening, avd. Telemark	Postboks 1076	3704 SKIEN
-	Telemark Turistforening	Postboks 3089	3707 SKIEN
-	Vest-Telemark Kraftlag AS		3891 HØYDALSMO
-	Skagerak Nett AS	Postboks 80	3901 PORSGRUNN
1	KM (KCA)		
1	KD		
1	ER (KEST)		